

Saksbehandlar: Tore Eriksen, Fylkesrådmann  
Sak nr.: 16/3215-1

## Førdepakken - flytting av bomstasjon nr. 3 - E39 Bruland

[::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓](#)

### Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

Fylkeskommunen har ikkje merknad til at bomstasjon nr. 3, E39 Bruland (Førde aust), i Førdepakken, blir flytta ca. 400 m mot Bruland langs E39.

[::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑](#)

[... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓](#)

#### Vedlegg:

Rådmannen i Førde sitt saksførelegg til formannssakpet, datert 30.03.16

## SAKSFRAMSTILLING

Fylkesrådmannen har fått oversendt rådmannen i Førde sitt saksførelegg til formannskapet i kommunen, jf. prenta vedlegg.

Rådmannen si tilråding er som følgjer:

1. Førde kommune søker Statens Vegvesen om godkjenning av flytting av bomstasjon nr. 3 E39 Bruland (Førde aust) i Førdepakken ca 400 m mot Bruland langs E39, og ber om at saka vert sendt til uttale til dei kommunane som uttalte seg i samband med bompengesøknaden, samt Sogn og Fjordane fylkeskommune.
2. Vedtaket vert gjort i medhald av §13 i kommunelova – «hasteparagrafen».

Som det framgår av pkt. 1 i tilrådinga må fylkeskommunen her gje uttale. Dette er fordi plasseringa av desse stasjonane var ein del av sjølve bompengesøknaden og fylkeskommunen gav uttale til denne.

Med tilvising til rådmannen sitt saksførelegg har fylkesrådmannen ikkje merknader til at nemnde stasjon vert flytta. Det går fram av saka at denne flyttinga ikkje vil påverke økonomien i Førdepakken.

Fylkesrådmannen oppfattar det slik at saka hastar i og med at bompengeinnkrevjinga skal starte opp hausten 2016. Denne saka vert lagt ut i forkant av Førde formannskap si handsaming (07.04). Dersom kommunen kjem til ein anna konklusjon enn det rådmannen i Førde tilrår, vil fylkesrådmannen måtte kome attende med ei ev. justert sak/tilråding – før FU-møtet 13.04.

Formelt sett skal fylkeskommunen sin uttale vere ein respons på ein komande førespurnad frå Statens Vegvesen. Fylkesrådmannen oppfattar det likevel slik at vi – ut

frå realiteten i saka – må ta stilling til om vi støttar Førde kommune sitt initiativ eller ikkje.

Jf. framlegg til vedtak.

... [Sett inn saksutredningen over denne linja](#) ↑